

200 millionar kroner til forskning i industri og tenestenæringane

17 norske bedrifter kan no setje i gang innovasjonsprosjekt. Dei skal mellom anna forske på korleis ein kan redusere klimagassutslepp frå betong, korleis miniorgan i 3d kan brukast for å gi diagnose og behandle sjukdommar og korleis ein kan utvikle system for meir effektiv samhandling mellom menneske og kunstig intelligens.

PUBLISERT 11. APR. 2025

– Vi treng meir kunnskap og at kunnskapen blir teken raskare i bruk. Dette er avgjerande for å styrkje konkurransekrafta til næringslivet. Prosjekta som har fått støtte bidreg til utvikling av nye produkt og prosessar, som gir auka verdiskaping i norsk næringsliv, seier næringsminister Cecilie Myrseth.

– Eg er glad for at mange bedrifter satsar på forskning når dei skal utvikle nye produkt og tenester. Å bruke forskning aktivt styrkar konkurranseevna til norsk næringsliv. Det er avgjerande for at Noreg lykkast med den grønne, digitale omstillinga, seier forskings- og høgare utdanningsminister Sigrun Aasland.

Forskningsrådet har opplevd rekordstor søking frå næringslivet det siste året. Søknadene held gjennomgåande veldig høg kvalitet.

– Desse prosjekta er glitrande døme på den store omstillingsviljen og kreativiteten i heile breidda av norsk næringsliv – i alle bransjar og alle typar bedrifter, seier administrerande direktør i Forskningsrådet Mari Sundli Tveit.

Mellom anna får...

- **AF DECOM AS** i Oslo 16 millionar kroner for å forske på korleis ein kan redusere klimagassar frå betong. Betong er ei stor kjelde til klimagassutslepp, hovudsakleg frå sementproduksjon, og utgjer ein stor del av avfallet i byggjebansjen, med cirka 1,5 millionar tonn betongavfall årleg i Noreg. Målet er å utvikle betong med lågare karbonavtrykk ved mellom anna å erstatte sement med alternative lågkarbon-bindemiddel, biokol og resirkulert tilslag. Prosjektet ønskjer å leggje til rette for at sirkulær betong blir meir kommersielt tilgjengeleg.
- **Zenit Science AS** i Trondheim får 10 millionar kroner for å utvikle organoider. Organoider er mini-organ i 3d laga av menneskelege celler og som kan erstatte dyreforsøk ved til dømes sjukdomsmodellering og uttesting av medisinar, kjemikaliar og genterapi. Bedrifta ønskjer å forske på korleis ein kan langtidslager og oppskalere slike mini-organ. Resultata av prosjektet kan verke positivt inn på utviklinga av nye diagnostiske verktøy og behandlingar for ulike menneskelege sjukdommar.
- **KNOWIT AS** får 16 millionar kroner for å utvikle løysingar for KI-integrasjon som gjer samarbeidet mellom menneske og kunstig intelligens-agentar i tverrfaglege team meir effektivt. Samarbeidet mellom menneske og KI-agentar markerer eit paradigmeskifte, men sjølv om dette allereie er eit framtidsscenario mange føreser, manglar det forskning på korleis teknologi for korleis samspelet best kan fungere i praksis.

Desse får tildeling

Bedrift	Prosj.tittel	Søkt beløp (i 1000 kroner)	Kommune
AF Decom AS	BetongHUB - Berekraftig betongproduksjon	16000	OSLO
ALUDYNE NORWAY AS	CASTiNET – Casting Through intelligent, Enhanced Technologies	16000	FARSUND
Arundo Analytics AS	AIDA: Towards the autonomous factory	9000	OSLO
Cardiacs as	Gyro-and Accelerometer-Based Monitoring of Heart Function after Surgery	4922	OSLO

CHIRON AS	Certified Reference Materials for Small Micro and Nano Plastic Analysis including Tire Wear	6002	TRONDHEIM
HM NE v/ Heidelberg Materials Sement Norway AS	FACILE-CPR: Freeze-thaw Assessment of Concrete in the Laboratory versus outdoor Exposure under the new Construction Products Regulation	10455	OSLO
HYDRO ALUMINIUM AS	Next generation billets for structural aluminium extrusions	16000	OSLO
HYDRO EXTRUDED SOLUTIONS AS	Hydro Additive Manufacturing of Extrusion Tools – Directed Energy Deposition	14700	OSLO
K A RASMUSSEN AS	Development of an integrated process to improve the recovery of critical raw materials from waste printed circuit boards.	15976	HAMAR
KNOWIT AS	Heilskapleg løysing for AI-integrasjon i norske organisasjonar	16000	OSLO
NORTHSTAR - IMPACT ANALYTICS AS	Orion - Translating impact from vague assumptions to an intangible value in the P&L	16000	OSLO
PEOPLE AT WORK AS	Datadrivne prosessar for reduksjon av sjukefråvær.	6250	OSLO
RANHEIM PAPER & BUARD AS	Framtidas laminat basert på resirkulerte råvarer	8250	TRONDHEIM
SHAPEMAKER AS	TowerUP project - Sustainable and circular solution for tower infrastructure.	12003	OSLO
SKANSKA NORGE AS	MINDRE - optimering for redusert ressursforbruk og mindre avfall	8000	OSLO
VITROSCOPE AS	vitro.scale - industrial scale high content cell research in physiological conditions	16000	TRONDHEIM
Zenit Science AS	Optimizing and Automating Human 3d Organoids for Preclinical Testing and Drug Discovery	10000	TRONDHEIM

Meldinger ved utskriftstidspunkt 6. mai 2025, kl. 03.15 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.